

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9. Fylke: Nordland
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Vågan
 Emne: Låvving Bygdelag:
 Oppskr. av: Thomas Palstad, Gard: } Vågan austbyggd.
 (adresse): Svolvær. G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. om salta seljelåv.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 eller for det mesta heimelsmenn. 80 åringer.

SVAR

I Vågan som i Lofoten ellers har det alltid vore lite skog og difor har låvving vore lite nytta.

I våre dagar er låvet til innføring gått hilt av bruk. Det var heller ikkje nytta under siste verdenskrig eller den forrige, endå det ofte var knapp om for.


Men gamle folk vill å fortelja frå fyrrv artundras: 1860-70 åra at dei rüska saman litt for frå skogens - kvist og lauv til sau og geit.

Det var låv av bjørk, rogn, osp og selje. Det vart hægde med med sigd laga av ein gammel lja. Låvet med dei yfste kvistane vart hægde av rolfaste tre, og bore til gårds i sponkasser.

Slike sponkasser eller korgar var elles nytta til mykje i ei veglåst tid. Dei bar på ryggen fisk, tang, tare, lynn, lauv, torv osv. Kassane var av ymse stønner, all til sitt bruk. Dei var tilført frå Saltan, Rama og Namsen. No fins det knapp ein sponkasse i bruk hos folk.

Låvet vart tørka i sjåbis og naut i slok, tørk, utan sol, og brukte på vårparten til sau og geit for det meste. Det var aldri så mykje av det

Sponkasser.



2
at det rakk til storpe.

Seljelauvet var helst for å være sers godt. Det vart til dels rapa-rispa- av skogen og nedlagt i stamp eller kanna, lett salta med avfalls-salt frå fiskebrück. Det ble trilig som et slags silofv. Og det var uvantig godt likt av alle husdyr. Men det var i alle tilfelle så lite av det at det mest berre var brükt til üngdyr, kid og lam på verparten.

Lauving som omarbeid de var ükjint i Lofoten. Det ser üt som det var innflyttarfolk som brükt det mest. Ein halvgammal kall tok barn med seg og "for til markan" på lauving, når det var god tid for fiske og det helst skorta på anna arbeid.

Th. Pa.

2461

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING